

Saloon i Uskedalen!

23.06.2012



Frå før har Uskedalen vertshus. No får vi også vår saloon, som minnar om ei kneipe i det ville vesten. Det meiner ein av dei slagferdige og siktar til det enkle, kommunale byggverk som er iferd med å reisa seg ved inngangen til oppvekstsenteret.

Bossdunkane

skal få ein fast stad å vera slik at dei slepp å vandra rundt i området.

Men for å halda fast ved saloon-biletet:

Det manglar no igrunnen
berre ei rampe der hestane kan ankrast
opp og ei dobbel svingdør
som den lokale sheriff kan storma
raskt gjennom for å setta tøffingar på plass.

Og namnet? Kva med Peace Valley Saloon?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen